KVINNHERAD
KOMMUNE
Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS-ROSENKRONESKE
STIFTELSE
Postboks 235

5486 ROSENDAL

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Saksnummer | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|---|
| **Torill Slåke** | **982 98 302** | **2022/3167** | | **21.11.2022** |

# DELINGSSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Oppretting av matrikkeleining – grunneigedom - utmarksteig |
| Gnr/bnr: | 83/1 |
| Adresse: | 5470 Rosendal |
| Tiltakshavar: | BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS-ROSENKRONESKE STIFTELSE, Postboks 235, 5486 ROSENDAL |
| Ansvarleg søkjar: | HARRIS ADVOKATFIRMA AS, Postboks 4115 Sandviken, 5835 BERGEN |
| Kjøpar: | Joar Tveito, Bjørkesvegen 42, 5470 Rosendal |

***Delegert vedtaksnr.: 2022/584***
*Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-4 og 26-1 vert søknad journalført 22.04.2022 og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar godkjent.*

*Nabomerknad er kommentert av søkjar, gjerdeplikta vil bli vidareført til ny eigedom. Nabomerknad vert ikkje tatt til følgje.*

**Vilkår:**
1. Sjå vilkåra i vedtak om deling etter jordlova.

***Tiltaket kan gjennomførast straks.***

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.




**Grunnlag for løyvet**

- Dispensasjon: Tiltaket krev ikkje dispensasjon.
- Arealstatus: Arealet er LNFR i kommuneplanen for Kvinnherad, og skal nyttast til dette føremålet. Den nye eigedommen skal leggjast til anna driftseining for landbruk, 82/16 m.fl.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg føre merknad frå nabo på 82/14 – Gudvin Hesvik Volden, som meiner at gjerdeplikta på 83/1 ikkje er følgd opp dei siste 10-15 åra, og at dette må betra seg. Søkjar opplyser at gjerdeplikta vert vidareført til ny eigedom. Nabomerknadane er ikkje teken til følgje, jamfør vedtaket ovanfor.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Landbrukskontoret har gjort vedtak etter jordlova dat. 18.11.2022 - delegert vedtaksnr 2022/483.
- Omdisponering: Tiltaket krev ikkje omdisponering.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynder.

**Merknader**

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: ***www.dibk.no***

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Torill Slåke
*Fagkoordinator byggesak*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

<u>Kopi til:</u>
Referatsak forvaltningsutvalet
Kjøpar
Ansvarleg søkjar
Gudvin Hesvik Volden